



Notat

Dato: 03.05.2018
Arkivsak: 2018/10634-2
Saksbehandlar: jonsmor

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Revisjon av Bømlopakken - status og plan for vidare handsaming

Fylkesrådmannen vil med dette orientere om status for revisjon av Bømlopakken og plan for vidare handsaming. Planen var å legge fram sak til MISA på møte 15. mai om revisjon av pakken, men det faglege grunnlaget frå Statens vegvesen er ikkje ferdig kvalitetssikra enda. For å unngå forseinking i vidare sakshandsaming tilrår fylkesrådmannen at sak om revisjon av pakken vert lagt fram direkte i fylkesutvalet 31. mai i vår og vidare til fylkestinget på møte i juni. Då kan saksgrunnlag sendast over til Samferdselsdepartement før sommarferien. Endelege vedtak om revisjon av Bømlopakken skal gjerast av Stortinget.

I 2009 vart Bølopakken vedtatt av Stortinget. Pakken inneheldt 18 vegprosjekt og var føresett finansiert innanfor ei økonomisk ramme på 1003 mill. 2009 kroner. Ved utgangen av 2017 er 12 prosjekt realiserte og ein har ikkje midlar til å fullfinansiere alle 18 prosjekta. I desember 2016 vedtok Bømlo kommune at ein skal starte ein prosess for utgreiing av revisjon av pakken og i juni 2017 fatta kommunen vedtak i forhold til prioritering av prosjekt, bompengesystem, takstar m.m. som er utgangspunkt for revisjon av pakken.

Ramma for revisjon av pakken er per i dag satt til omlag 850 mill. kr og dette er inklusiv omlag 270 mill. 2018 kr som står att i pakke 1. I tillegg til dei seks prosjekta som ikkje er fullfinansiert i pakke 1 er det satt opp midlar til nye bomstasjonar, ein pott til mindre utbetrinigar og reserveliste med prosjekt som kan realiserast om det vert midlar til gjennomføring.

I revisjon av pakken er det føresett endringar i bompengeopplegget med 4 nye bomstasjonar rundt Svortland sentrum. Det er her lagt vekt på at interntrafikken i kommunen som har nytte av vegprosjekta skal vere med å betale bompengar, ikkje berre pendlarane. Det er føresett at eksisterande bomstasjon på Spissøy og innkrevjing av bompengar på ferjesambandet Langevåg – Buavåg vert oppretthalden.

Fram til innkrevjinga kan starte i det nye bompengeopplegget legg ein opp til å fortsette innkrevjinga som før i eksisterande bomstasjon på Spissøya og ferjesambandet Langevåg-Buavåg. Takst- og rabattsystemet i denne stasjonen skal snarleg leggjast om i tråd med føresetnadane i Prop. 1 S Tillegg 2 (2015-2016).

Finansieringsplan vil fylkesrådmannen kome attende til når saka vert lagt fram for fylkesutvalet, men hovudfinansieringa vert bompengebidrag.

Det vert lagt til grunn at utbygginga i den reviderte pakken skjer i 2018–2023. Ein brukar av restmidlar i pakke 1 for å kunne starte opp gjennomføring av neste prioriterte prosjekt fram til endeleg vedtak i Stortinget.

Bompengeperioden er planlagt satt til 15 år frå innkrevjingstart.

Fylkesrådmannen vil som nemnt etter planen legge fram sak om revisjon av pakken på møte fylkesutvalet 31. mai, og der vil alle momenta verte utgreda nærmare.